



## KOMMUNEREFORMA



**Endringar på Bekkevoll.** Bekkevoll er i dag hovudbasen for teknisk eining i Bø kommune. Ein del av dei tilsette her må pendle til Ulefoss dersom det blir ein ny Midt-Telemarkkommune.

# Positive til teknisk samarbeid

**Åtte til ti personar på teknisk etat i Bø kommune må jobbe på Ulefoss dersom det blir kommunesamanslåing. Få er negative til dette.**

Øystein Akselberg

oystein@boblod.no - tlf 906 38 453

Intensjonsavtalen om ei samanslåing av kommunane Bø, Sauherad og Nome vil medføre at teknisk eining får hovudsetet sitt på Ulefoss. For Bø sin del betyr det at åtte til ti personar som i dag har arbeidsstaden sin i Bø må pendle til Ulefoss. Einingsleiarane i Bø og Sauherad ser positivt på ein større felles teknisk etat og meiner kommu-

nane vil få ein gevinst av ei samanslåing.

## Langvarig samarbeid

Einingsleiar i Bø, Vidar Lofthus, seier at kommunane har eit langvarig samarbeid bak seg på mange område som gjer at ein felles teknisk etat ikkje blir så komplisert å få til.

– Fagområda som handlar om forvaltningsoppgåver innan byggesak, plan- og kartarbeid, oppmåling og veg, vatn og avlaup blir samla på Ulefoss. Andre fagfelt som vaktmeistrar, reinhold, og uteoppgåver innan veg, vatn og avlaup bør bli verande der dei er i dag og blir mindre berørt av ei samanslåing, seier Lofthus.

For Bø sin del tel den første gruppa innan forvaltningsdelen inkludert ei leiarrolle, åtte til ti

personar for Bø sin del. Uteavdelinga tel omlag 30 personar.

Lofthus peikar på at på fleire felt ligg det godt til rette for eit felles samarbeid; kart, programvare, utstyrlån, byggjesak, elektrikarar og leiaroppgåver.

## Styrkjer fagmiljøet

Lofthus meiner at dagens ordning med realtvt små fagmiljø i kvar enkelt kommune vil gjere at ein kjem styrka ut av ei samanslåing.

– Gode eksempel er byggesaker, oppmåling, kart og økonomi. Der er det samarbeid allereie i dag, og ei samanslåing vil vere ei klar styrke, seier han, og legg til at eit samarbeid kan utviklast uavhengig om det blir samanslåing eller ikkje.

Einingsleiarane i Bø si personlege oppfatning er at teknisk ei-

ning vil kome styrkja ut, men at eit vidare samarbeid vil fungere godt utan ei formell samanslåing også.

## Gjenspeglar bygda

På spørsmål om korleis ei flytting til eit felles teknisk kontor på Ulefoss er teke imot i teknisk eining i Bø svarar Lofthus at responsen ikkje er negativ samla sett.

– Det er som for bygda elles. Folk her på teknisk eining er både for og imot kommunesamanslåing, seier han.

Lofthus ser ikkje på den geografiske plasseringa av kontoret som viktig.

– Me er til for innbyggjarane og skal yte god service uavhengig av kor me er lokalisert, slår han fast.

## Sauherad er positiv

Inntrykket er elles at Sauherad i dag har ei lita og sårbar teknisk eining. Bø er allereie i dag med og hjelper Sauherad med kapasitet på byggesaker på grunn av ei sjukemelding i nabokommunen.

Teknisk sjef i Sauherad kommune, Joar Sættem, vil ikkje gå i djupna på korleis teknisk eining i Sauherad ser på ei eventuell felles teknisk eining. Han slår fast at ein får avvente resultatet og gå vidare derifrå.

– Generelt sett har me glede av samarbeidet slik det har fungert så langt. Me ser gevinst av eit utvida samarbeid som vil gje oss eit betre og meir robust fagmiljø, seier Sættem.

Bø blad har ikkje lukkast å kome i kontakt med teknisk leiar i Nome kommune.